



Campus Bergen

Dato: 05.07.2016

Vår ref.: 2016/299-11

Saksbehandlar: hanespe

Dykkar ref.:

Campus Bergen, referat frå møte i styringsgruppa 2. mars 2016 (revidert juni)

Emne:	Campus Bergen	
Til stades:	Anne Gine Hestetun, Fylkesordførar Pål Kårbo, Fylkesvaraordførar Beate Husa, Leiar utval for kultur, idrett og regional utvikling (KIRU), Hordaland fylkeskommune Kjell Håland, Nestleiar KIRU, Hordaland fylkeskommune Tom Tvedt, Idrettspresident Torstein Busland, Anleggsrådgiver, Norges idrettsforbund Helge Johnsen, Styreleiar Hordaland idrettskrets Knut Songve, Organisasjonsleiar Hordaland idrettskrets Oddvar J. Johannessen, 2. nestleiar i Norges idrettsforbund Pia Mørk Andreassen, Avdelingsleder Olympiatoppen Vest-Norge Vibeke Johannessen, Dagleg leiar SK Brann Pål Hafstad Thorsen, Idrettsbyråd Bergen kommune Anne Louise Schilbred, Rådgiver eiendom, Bergen kommune Rune Titlestad, Idrettsdirektør Bergen kommune Linn K. Engø, Politisk rådgiver Bergen kommune Frode Karlsen, Rådgiver idrett Bergen kommune Anita Lyssand, Seksjonsleder for fag og utdanning, Energisenteret for barn og unge Torhild Næss Vedeler, Leiari av Energisenteret for barn og unge Ole-Gunnar Søgnen, Rektor ved Høgskolen i Bergen Sonja Irene Dyrkorn, Høgskuledirektør, Høgskolen i Bergen Birthe Haugen, Seksjonsleiar opplæring, Hordaland fylkeskommune Odd Bjarne Berdal, Seniørrådgjevar / Prosjektkoordinator, opplæringsavdelinga Hordaland fylkeskommune Britt Karen Spjeld, Fylkesidrettssjef, Hordaland fylkeskommune Hanne Espe, Rådgjevar idrett og friluftsliv, Hordaland fylkeskommune	
Forfall:		
Møtetid:	09.00 – 11.00	Møtestad: Høgskolen i Bergen, Kronstad

Møteleiar: Anne Gine Hestetun

Referent: Britt Karen Spjeld og Hanne Espe

Bakgrunn:

Fylkestinget vedtok 8.-9. desember 2015 å løyve midlar til planlegging av eit «Campus Bergen» - eit kompetansesenter der ein samlar krefter frå organisasjonane, Olympiatoppen, vidaregåande skule, Høgskolen i Bergen, Universitet i Bergen og næringslivet til beste for idretten.

Målsetjinga med møtet var å avklare kva aktørar som er interesserte i å arbeide vidare med planlegging av tiltaket, og å samle synspunkt på satsinga si form og innhald. Følgjande kan vere utgangspunkt for drøftinga: Kva kan Campus Bergen bli? Kva andre aktørar bør inviterast med i samarbeidet og når? Kva andre prosessar påverkar arbeidet. Fylkesordføraren vonar at møtelyden kan einast om framdriftsplan for vidare planlegging og mandat for ei arbeidsgruppe.

Dagsorden;

09.00 – 10.00 Presentasjonar frå dei fem hovudaktørane

10.00 – 11.00 Rådslaging og diskusjon

Møteleiar fylkesordførar Anne Gine Hestetun ønska velkomen til deltakarane og gav ordet til vertskapet, rektor ved Høgskolen i Bergen Ole Gunnar Søgnen, som kort presenterte høgskulen sin ståstad.

Vidare gjekk ordet til dei fem hovudaktørane rundt bordet;

Norges idrettsforbund,

Hordaland idrettskrets, Olympiatoppen Vest Norge og Brann (presentasjon lagt ved)

Helse Bergen (presentasjon lagt ved)

Bergen kommune

Høgskolen i Bergen

Hordaland fylkeskommune (presentasjon lagt ved)

Etter presentasjonane opna møteleiar opp for debatt. Alle vart oppmoda om å ta ordet i denne fasen.

- Idrettsforbundet understreka at dette må vere eit felles prosjekt, eit kunnskapskløster uavhengig av gullmedaljar – breidde og topp. «Der folk møtes vert mennesker utvikla». Prosjektet må ha luft under vingane og miljøa må samle seg. Klåre ansvars og rollefordeling. FoU prosjekt som kan få verdi ut over det som i utgangspunktet var tiltenkt.
- Olympiatoppen understrekar at dette også gjeld ungdomsskulenivå, og at det bør satsast inn mot skjeringspunktet fritid og skule. Utanning – heile karrierevegen – «frå barnehage til OL gull». FoU t.d. sykkel og funksjonshemma. Ønskje om utvikling av idrettspark!
- Helse Bergen står sterkt i høve fagkompetanse, og understrekar at trening snart er den viktigaste behandlinga. Integrere kunnskap frå toppidrett i behandlinga av pasientar. Opning av senteret i oktober, bassenget i januar 2017.
- Bergen kommune var oppteken av dei rauda trådane og viste til planforankring i m.a. idrettsplan, skulebruksplan, levekårsundersøkning. Satsar på idrett og fysisk aktivitet for alle og kunnskap på alle nivå. Opplever talentflukt innan enkelte idrettar pga manglende anlegg og kompetanse/miljø. Kommunen har avtalar med enkelte særforbund innan topp og breddeaktivitetar t.d. Svømmefornundet (Svøm Bergen). Byarena – utredning av ulike alternativ. Mange ulike innspel frå idretten – viktig at dei samlar seg. Campus Bergen er aktuelt for heile byrådsavdelinga sine fagområder, frå barn til heilt menneske. Utvikling av Campus Bergen vil vere positivt for kommunen.
- Høgskolen i Bergen er i sterk vekst og har arealmangel. Behov for studentbustadar. De har sterke fagmiljø innan lærarutdanning og tilbyr bachelor og masterutdanning – mange utviklingsmoglegheiter. Gode erfaringar med «klynger» t.d. NCE – subsea og senter for nyskaping. Fusjonsprosessar innan høgskular og universitet – Vestlandsuniversitet?

- Fylkeskommunen har fokus på vidaregåande opplæring og ser på utfordringa med prestasjonskrav og press, og fråfall. Folkehelse er overgripande for heile prosjektet. Dele kunnskap slik at det vert kvalitet i alle ledd. Viktig å tilrettelegge for at det går ann å kombinere idrett og utdanning.

Vegen vidare:

Fase 1: Kartlegge dagens ressursar, behov og moglegheiter - Prospekt Campus Bergen

Fase 2: Peike på potensiale og synergier

Fase 3: Scenariotekning, modellar for samvirke, lokalisering osb

Hovudaktørane utnemner kvar sine to personar til ei arbeidsgruppe.

I tillegg vert det utnemnt ei styringsgruppe

Arbeidsgruppa møtast fredag 8. april.

I dette møtet vil det bli laga forslag til studietur kombinert med nytt møte i styringsgruppa.